

Arthur Karl Hauge Gnr .51 Bruksnr. 19
 Gnr. 51 Bruksnr. 20

Jarle Lien Gnr. 51 Bruksnr. 22

Brynhild Hopland
Og Svein Myklebust Gnr. 51 Bruksnr. 15

Stakaldefossen

6800 FØRDE

Stakaldefossen 15.09.2014.

Norges vassdrag- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

HØYRINGSUTALELSE JØLSTRA KRAFTVERK.

Vi representerer tre husstandar i Stakaldefossen. Her er totalt seks bustadhus, men tre av husa er åtte av Sunnfjord Energi. Byggjefeltet blir vist på kun eit kart i konsekvensutgreiinga s. 88. Kartet er i ein målestokk som fører til at byggjefeltet er ganske usynleg. På dei andre karta er byggjefeltet **ikkje** teke med. Eit døme er vedlegg 9. «Oversikt tipper».

Vi er imot ei utbygging av Jølstra kraftverk. Det gjeld både utbygginga til Sunnfjord Energi AS og Nordkraft AS. I eit eventuelt val mellom desse utbyggingane vel vi Nordkraft si utbygging, fordi denne utbygginga gjev mindre negative konsekvensar for oss.

I Stakaldefossen har Statnett under bygging ein transformatorstasjon som er ein del av anlegget mellom Fardal og Ørskog. I samband med denne utbygginga har vi fått erfaring med belastningar ei utbygging kan gje. Med bakgrunn i denne erfaringa veit vi at ei utbygging vil få svært negative konsekvensar for oss. I samband med Statnett si utbygging skreiv Stakaldefossen grendalag eit brev til NVE. Dette brevet skildrar korleis vi opplevde delar av Statnett si utbygging. Vedlegg 1. (Brevet til NVE)

Sunnfjord Energi vil legge tippa sin i området som er regulert til industri i Jølster kommune. Vi vil definere utlegging av tipp i dette området som ein start på utbygginga av industriområdet. Vi meiner at utlegging av tippa / depotet, ikkje er i tråd med reguleringsplanen for Moskog industriområde, jf. utbyggingsrekkefølga. Sunnfjord Energi AS er mellom anna eigd av kommunane Førde og Jølster. Slik vi ser det blir Sunnfjord Energi ein part i utbygginga av industriområdet.

Utlekking av 450 000 m³ tunellmasse i nærområdet til bustadfeltet er dramatisk. Det vil måtte vere mange ulike maskiner i sving på eit slikt anlegg. Ein del av desse maskinene /

utstyret har vi svært negativ erfaring med, til dømes: -pikking med gravemaskin, steinknuserar, bulldosarar, dumperar og ikkje minst maskiner som komprimerer steinmassane. Desse maskinene gjev ei lågfrekvent buldring som går tvert gjennom veggane på husa våre. Støyen frå komprimeringsmaskinene kan høyrast / sansast på lang avstand.

Vi ynskjer at følgjande konsekvensar for bebruarane i Stakaldefossen vert nøyare utreia:

-Driftstider.

-Plassering av rigg.

-Skal tunellmassane bearbeidast etter at dei er komne ut av tunellen?

-Skal tippen / deponiet / underlaget for industri / jordbruk komprimerast? I tilfelle ja, kva teknikk er tenkt nytta? Kva konsekvens har val av komprimeringsteknikk i høve til støy / støv for bebruarane i Stakaldefossen.

-Skal tippen / deponiet ligge som eit ope sår i landskapet på ubestemt tid?

- Det ser ut som jordet framfor byggjefeltet skal hevast, jf. bileta på side 67. Kor mykje?

Forslag til avbøtande tiltak:

1. Løyse inn dei husstandane som ønskjer det.
2. Grave opp og fyll ut midten av jordet der tjernet er i dag. Dekke over med jord og nytte området til jordbruk fram til vilkåra for utbyggingsrekkefølge er oppnådde. Dette er den same løysinga som Nordkraft AS har i søknaden sin.
3. Lage ein veg over mot Ulvedalane i startfasen av anleggsdrifta. Her kan ein etablere riggen slik at trafikken og belastninga for bebruarane i Stakaldefossen blir mindre. Industriområdet får såleis utløyst planlagt veg til industriområdet som ligg nærast Holsen.

Merknader til direkte feil i konsekvensutreiinga:

-Side 13: Her står det, sitat: «På motsatt side av elva ligger det et område som i reguleringsplan er avsatt til fremtidige Moskog industriområde.» Det riktige er at industriområdet ligg på begge sider av elva.

-Side 99: Jordbruksarealet blir omtalt å ha liten verdi fordi jorda er vassjuk. I samband med Statnett si utbygging vart jordet drenert, så denne påstanden er ikkje riktig.

-Side 104: Her står det sitat: «Støy, støv og rystelser vil kunne utgjøre problem for fem husstander som ligger i nord- og vestkanten av tippområdet ved Moskog.» Det riktige tallet på husstandar er seks. Denne feilen vert presentert fleire gongar i utreiinga. Denne feilen stod også i Statnett si konsekvensutreiing.

-Side 88: Sitat: «En av husstandene har uttrykt at arbeidet med nytt koblingsanlegg for 420 kV-ledningen Ørskog – Fardal er belastende og uønsket. Husstanden er også motstander av kommunes plan om å gjøre området til et industriområde.» Dette er etter vårt syn eit **kvalitetsslågmål for eit selskap som Norconsult**. Stakaldefossen grannelag har sendt

merknader til Statnett i samband med utbygginga av trafostasjonen. Grannelaget har også sendt merknader til Førde og Jølster kommunar i samband med reguleringa av Moskog Industriområde. Dersom Norconsult hadde nytta dei riktige kjeldene, ville selskapet ha funne ut at hundre prosent av husstandane som er i privat eige er motstandarar av dei ovanfornemde utbyggingane.

-Vedlegg 9. Oversikt tipper. S.99 Sitat: «Deponiet er planlagt innefor grensene til reguleringsplanen for Moskog industriområde som ble vedtatt av kommunene Jølster og Førde kommuner i 2012." I vedlegg 9 er tippen lagt utanfor området som er regulert til industriområde. Innteikninga av tippen er derfor ikkje riktig i høve til reguleringsplanen.

Det verkar noko uklart kva som skal skje med massane etter at dei er lagde ut. Uansett krev vi at NVE set krav til utbyggjar om umiddelbar tildekking av massane.

Ei utbygging av Jølstra kraftverk vil få konsekvensar for oss: Støy under utbygginga, endring av rekkjefølgje i utbygginga av industriområdet, og sist, men ikkje minst, ytterlegare verdiforringing på eigedommane.

Vi som bur i Stakaldefossen, kjenner oss oppgitte og frustrerte. Eigedommane våre vert stadig mindre verde etter kvart som dei ulike utbyggingane blir realiserte. I tillegg vert vi plaga av mange andre ulemper som støy, støv, trafikk og endring av naturen rundt oss. Konklusjonane i slike saker er nesten alltid slik at samfunnsnytta er større enn ulempene for privatpersonar. I Stakaldefossen er vi tre familiar som må bere store tap.